



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal



# RETTLERIAR

## for behandling av dispensasjonssaker

etter plan- og bygningslova kapittel 19

Mai 2022



# Forord

Denne rettleiaren gjeld dispensasjonssaker etter kapittel 19 i plan- og bygningslova. Rettleiaren har to delar og eitt vedlegg.

**Del 1 - juridisk del,** gir generell rettleiing for alle typar dispensasjonar etter kapittel 19. Denne tar føre seg vilkåra i lova som må vere oppfylte for at kommunen skal kunne gi dispensasjon.

**Del 2 - praktisk del,** omhandlar krav til saksbehandlinga. Denne inneheld ei oversikt over kva for saker som skal sendast på høyring og ei sjekkliste for kva for saksopplysingar som bør ligge ved i oversendinga.

Vedlegget inneheld ein tabell som gir ei oversikt over kva for dispensasjonssøknader som skal sendast på høyring, og kven som er høyringspartar. Rettleiaren skal vere eit hjelpemiddel for kommunane ved handsaming av

dispensasjonssaker. Målet er å få ein meir einsarta praksis mellom kommunane i saksbehandlinga av dispensasjonar og å redusere talet på dispensasjonssaker, som har hatt ein markant auke siste ti åra.

Rettleiaren er utarbeidd i samråd med Møre og Romsdal fylkeskommune, Statens vegvesen, Kystverket, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet, Norges vassdrags- og energidirektorat, BaneNOR og Avinor.

# Innhald

## DEL 1 - JURIDISK DEL

Generelt om dispensasjonar etter plan- og bygningslova § 19-2.

<b>1. KVA ER DISPENSASJON OG KVA REGLAR KAN KOMMUNEN DISPENSERE FRÅ? .....</b>	<b>7</b>
<b>2. VILKÅR FOR Å GI DISPENSASJON.....</b>	<b>7</b>
2.1 Vesentleg til sidesetting av viktige omsyn = dispensasjonssperre.....	7
2.2 Klart større fordelar enn ulemper - interesseavvegning .....	8
2.3 «Kan»-vurderinga .....	8
2.4 Flytskjema.....	10
2.5 Varig eller mellombels dispensasjon .....	11
2.6 Tiltak som krev fleire dispensasjonar .....	11
<b>3. OM DISPENSASJON FRÅ AREALPLANAR.....</b>	<b>11</b>
3.1 Generelt .....	11
3.2 Når kan det vere aktuelt å dispensere frå arealplanar? .....	12
3.3 Retningslinjer i kommuneplan .....	12
3.4 Større bygge- og anleggstiltak med krav om reguleringsplan .....	12
3.5 Reguleringsendring etter forenkla prosess.....	12

## DEL 2 - PRAKTISK DEL

### Saksbehandling og høyring

<b>4 SAKSBEHANDLING .....</b>	<b>15</b>
4.1 Grunngitt søknad.....	15
4.2 Nabovarsling .....	15
4.3 Høyring .....	15
4.4 Grunngitt vedtak.....	15
4.5 Klagerett .....	15
4.6 Førebuande klagebehandling .....	16
<b>5. KOMMUNEN SI OVERSENDING AV DISPENSASJONSSAKER .....</b>	<b>16</b>
5.1 Høyringsfrist.....	16
5.2 Tittel i oversendingsbrev .....	16
5.3 Sjekkliste .....	16
5.4 Orientering om vedtak.....	17
5.5 Klage frå sektormynde.....	17
<b>6. I MØTE MED SEKTORLOVER.....</b>	<b>17</b>
6.1 Jordlova.....	17
6.2 Forureiningslova.....	17
6.3 Naturmangfaldlova .....	17
6.4 Vassforskrifta.....	18
6.5 Vassressurslova.....	18
6.6 Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.....	18
6.7 Hamne- og farvasslova.....	18
6.8 Kulturminnelova.....	19
6.9 Akvakulturlova .....	19
6.10 Veglova .....	19
6.11 Drikkevatnforskrifta.....	20
6.12 Jernbanelova.....	20

# **DEL 1**

# **Juridisk del**

**Generelt om dispensasjonar etter  
plan- og bygningslova § 19-2**



Foto: Sveinung Dimmen

# 1

## KVA ER DISPENSASJON OG KVA REGLAR KAN KOMMUNEN DISPENSERE FRÅ?

Reglane i plan- og bygningslova er utforma generelt og skal gjelde i alle saker. Samstundes er alle byggesaker ulike. Dei skjer i ulike område og har ulike rammer. Desse reglane vil ikkje nødvendigvis passe i den enkelte byggesaka, som er meir konkret og nyansert. Plan- og bygningslova har difor reglar om dispensasjon.

Ein dispensasjon inneber at det blir gitt eit unntak frå eit bindande krav i enten plan- og bygningslova sjølv eller frå eit krav som kommunen har satt i ein arealplan.

Det kommunen kan dispensere frå er såkalla «materielle krav», det vil seie krav som seier noko om kva som kan byggast i eit område, nærmare krav til utbygginga og anna.

**Døme på materielle krav: arealføremål som er fastsett i plan, planføresegner som stiller krav til storleik og høgde på bygningar, byggeforbodet i § 1-8.**

Kommunen kan derimot ikkje gi dispensasjon frå saksbehandlingsreglar. Bakgrunnen for dette er at alle saker skal ha ei forsvarleg saksbehandling. Til dømes kan ein ikkje dispensere frå krav om at saka skal sendast til andre høyringspartar for uttale, eller frå dei krava som blir stilt til saksopplysinga.


For nokre tiltak stiller lova krav om at det må gjerast ei konsekvensutgreiing (KU). Krav til KU er ein saksbehandlingsregel. Kommunen

kan difor ikkje gi dispensasjon frå dette utgreiingskravet.

Når kommunen gir ein dispensasjon, vil denne berre gjelde for det konkrete tiltaket det er søkt om. Ein dispensasjon vil difor ikkje føre til noko endring i den planen som det blir dispensert frå.

Om kommunen til dømes gir dispensasjon for frådeling av ei bustadtomt i eit landbruks-, natur-, frilufts- samt reindriftsområde (LNFR-område), vil eigedomen framleis vere sett av til LNFR-formål i arealplanen.

Dette betyr at om ein seinare vil bygge bustad på eigedomen, vil det krevje ein ny dispensasjon.



# 2.

## VILKÅRA FOR Å GI DISPENSASJON

Vilkåra for å kunne gi dispensasjon er fastsett i plan- og bygningslova § 19-2:

- «Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt.»
- «Fordelene ved å gi dispensasjon skal være klart større enn ulempene.»

Lova inneholder to vilkår, og begge vilkåra må vere oppfylte for at ein skal kunne gi dispensasjon.

### 2.1 Vesentleg tilsidesetting av viktige omsyn = dispensasjonssperre

For det første seier lova noko om i kva tilfelle det ikkje vil vere aktuelt å dispensem.

Dersom dispensasjonen i vesentleg grad vil sette til side omsyna bak regelen det blir dispensem frå, plan- og bygningslova sin formålsparagraf, eller nasjonale eller regionale interesser, skal kommunen ikkje gi dispensasjon

#### Ein må difor først avklare følgjande:

- Kva omsyn er det som ligg til grunn for den regelen det er søkt om å dispensem frå?

- Er det omsyn i plan- og bygningslova sin formålsparagraf som er aktuelle i saka?

- Gjer nasjonale/regionale interesser seg gjeldande i saka?

#### Det neste spørsmålet blir:

- Korleis vil denne konkrete dispensasjonen verke inn på desse ulike omsyna?

Dersom kommunen kjem til at dei aktuelle omsyna vil bli vesentleg sett til side, er ikkje det første vilkåret for dispensasjon oppfylt. Kommunen må då avslå søknaden og kan stanse vurderinga her.

### 2.2 Klart større fordelar enn ulempar - interesseavvegning

Om utfallet av den første vurderinga er at det ikkje vil bli noko vesentleg tilsidesetting, så blir det neste spørsmålet om fordelane med dispensasjonen er klart større enn ulempene.

Her må kommunen gjere ei interesseavvegning mellom fordelar og ulempar som dispensasjonen vil kunne føre til. Det er ikkje nok at ein dispensasjon vil gi få eller ingen ulempar; det må samtidig kunne visast til konkrete fordelar ved dispensasjonen. Fråvær av ulempar er altså ikkje nok i seg sjølv.

Vilkåret er at fordelane skal vere klart større enn ulempene. Det krevst altså noko meir enn ei vanleg interesseovervekt. Sjølv om kommunen ved vurderinga av det første vilkåret skulle kome til at viktige omsyn ikkje blir «vesentleg» satt til side, vil dei same omsyna framleis kunne gjere seg gjeldande med styrke. Ulempene vil da vere så tungtvegande at fordelane normalt ikkje vil vere klart større.

For at noko skal kunne reknast som ein fordel, er det ikkje nok at søkjar sjølv meiner at det vil gi ein fornuftig bruk av eigedomen. Fordelane må vurderast ut frå ein objektiv synsvinkel. Vurderingane må vere knytt til omsyn som plan- og bygningslova er meint å vareta (areal- og ressursdisponeringsomsyn). Personlege ønske kan vere samanfallande med omsyn som er relevante etter plan- og bygningslova, til dømes der ein dispensasjon vil gi betre funksjonalitet til eit byggverk eller eit uteoppahaldsareal. Men søkjar sine personlege behov og ønske vil ikkje vere ein relevant fordel i seg sjølv.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift har kommunen plikt til å legge særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, jordvern, tryggleik og tilgjenge.

I dette ligg det først og fremst at dispensasjoner ikkje må innebere løysingar som vil vere til nemneverdig skade for nokon av desse omsyna. På den andre sida opnar dette for at slike omsyn i spesielle tilfelle kan vere med på å grunngi at ein dispensasjon blir gitt.

## 2.3 «Kan»-vurderinga

Det står i § 19-2 at kommunen «kan» gi dispensasjon. Det vil seie at ingen har krav på å få dispensasjon, sjølv om dei skulle oppfylle vilkåra nemnt ovanfor.

Kommunen kan altså velje om dei vil innvilge eller avslå dispensasjonen. Det er i denne vurderinga at kommunen har eit fritt skjøn. Kommunen må då vurdere om det er hensiktsmessig å gi dispensasjon i den konkrete saka. Her skal saklege omsyn bli vektlagt, og usakleg forskjellsbehandling må ikkje førekome.

Til dømes kan ein sakleg grunn til å avslå dispensasjon vere at kommunen vil sjå saka i ein større samanheng, og at dei heller vil utarbeide ein ny plan for området i staden for å dispensere.





Foto: Astrid Buset

## 2.4 Flytskjema



Figur: Flytskjema til hjelp i saksbehandlinga av dispersjonssøknader, som syner vurderingane etter plan- og bygningslova § 19-2 steg for steg.

## 2.5 Varig eller mellombels dispensasjon

Dersom dispensasjonsvilkåra er oppfylt, kan kommunen gi varig eller mellombels dispensasjon. Ein mellombels dispensasjon kan vere tidsbestemt, slik at den skal gjelde i eit gitt tidsrom. Ein kan òg gi dispensasjon på ubestemt tid, slik at dispensasjonen vil gjelde fram til ei bestemt hending har funne stad. Dette kan til dømes bli nytta der ein dispensasjon skal dekke eit behov fram til eit anna varig tiltak er på plass.

## 2.6 Tiltak som krev fleire dispensasjoner

I mange tilfelle vil eit byggetiltak vere i strid med fleire bindande krav, og det vil da krevje fleire dispensasjoner.

**Døme:** *Søknad der byggetiltaket går ut over fastsett utnyttingsgrad og ein ikkje oppfyller krav til uteareal. I slike tilfelle må kommunen vurdere om dispensasjonsvilkåra er oppfylt for kvart av dei krava det er søkt om om å dispensere frå.*

I nokre tilfelle vil omsyna bak dei ulike reglane vere til dels samanfallande, men ofte er desse meint å ivareta ulike omsyn. Det er viktig at alle dei relevante omsyna blir vurdert.

Dersom vilkåra for å gi dispensasjon frå eitt krav er oppfylt, men ikkje for eit anna, kan ein ikkje gi løyve til tiltaket.

Det kan òg vere relevant å sjå på dei totale verknadene (sumverknadene) av fleire dispensasjoner, og korleis desse vil verke saman og slik påverke omsyna bak dei ulike reglane.



Foto: Kristin Eide

# 3.

## OM DISPENSASJON FRÅ AREALPLANAR

### 3.1 Generelt

Kommunestyret bestemmer gjennom arealplanar kva dei ulike områda i kommunen skal brukast til. Plan- og bygningslova gir reglar for korleis arealplanar skal bli til. Viktige omsyn i planprosessen er medverknad, samråd og offentlegheit. Fagorgan og andre som har interesser i området skal involverast. Slik blir ulike interesser og omsyn som skal vere ein del av avgjerdssgrunnlaget høyrt og vurdert når kommunestyret skal bestemme arealbruken for eit område.

Ut ifrå omsynet til medverknad, samråd og offentlegheit i planprosessar bør ikkje fråvik frå kommunen sine arealplanar skje gjennom enkeltvise dispensasjonar, men gjennom planendringar. Ein dispensasjonspraksis der gjeldande arealplanar i stor grad blir sett til side, gjer arealbruken lite føreseileg for grunneigarar, naboar og andre med interesser i planområdet. Det vil også svekke planen som overordna styringsverktøy.

Moment som bør vurderast ved dispensasjon frå plan:

- Inneber tiltaket eit betydeleg avvik frå plan?
- Er det snakk om eit permanent eller mellombels avvik?
- Gjer avviket seg gjeldande på eit generelt grunnlag innanfor planområdet?

- Er det forhold ved tiltaket som tilseier et behov for ein grundigare medverknadsprosess?
- Er det forhold ved tiltaket som tilseier behov for ei meir heilskapleg vurdering av heile planområdet?

Den klare hovudregelen: Betydelege permanente avvik frå plan som gjer seg gjeldande på generelt grunnlag for heile planområdet, skal skje gjennom planendring og ikkje dispensasjon.

### 3.2 Når kan det vere aktuelt å dispensere frå arealplanar?

Dersom omsyna i planen det blir dispensert frå ikkje lenger gjer seg gjeldande i særleg grad, kan det tale for dispensasjon. Det kan til dømes gjelde:

- eldre reguleringsplanar, der planområdet er meir eller mindre ferdig utbygd
- eldre reguleringsplanar som det i stor grad er gjort fråvik frå, og der planområdet har fått ei anna utbygging enn det planen opphavleg la opp til

### **3.3 Retningslinjer i kommuneplan**

Nokre kommunar har retningslinjer i kommuneplanen for behandling av dispensasjoner for spreidd utbygging i LNFR-område. Retningslinjene er ikkje juridisk bindande, og er ikkje heimel for å innvilge dispensasjon. Retningslinjene kan derimot bidra til å forenkle saksprosessen for tiltakshavar ved at kommunen seier klart frå kva han ønsker av informasjon og kva som vil bli vektlagt i ei dispensasjonsvurdering.

### **3.4 Større bygge- og anleggstiltak med krav om reguleringsplan**

Gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak som får vesentleg verknad for miljø og samfunn krev reguleringsplan. Det er i utgangspunktet høve til å dispensere frå krav om reguleringsplan. Ofte vil likevel dei omsyna og forholda som grunngjev plankravet, tale for at dispensasjonsvilkåra ikkje er oppfylt. I tillegg kan eit slikt tiltak fort utløyse krav om konsekvensutgreiing. I slike tilfelle vil det ikkje vere høve til å dispensere.

### **3.5 Reguleringsendring etter forenkla prosess**

Som eit alternativ til dispensasjon, kan kommunen vurdere om det er meir tenleg å endre planen.

Hovudregelen er at reguleringsendringar skal gjennomførast etter dei saksbehandlingsreglane som gjeld for utarbeiding av nye

planar. Plan- og bygningslova § 12-14, 1. ledd opnar for at visse reguleringsendringar kan gjennomførast etter ein forenkla prosess. Dette gjeld reguleringsendringar som:

- i liten grad vil påverke gjennomføringa av reguleringsplanen elles
- ikkje går utover hovudrammene til planen
- ikkje råkar ved omsynet til viktige natur- og friluftsområde

Reguleringsendringar som blir gjennomført etter ein forenkla prosess har ikkje dei same krava til varsel om oppstart og utlegging til offentleg ettersyn som ein ordinær planprosess. Det er tilstrekkeleg at saka blir lagt fram for dei aktuelle myndighetene, grunneigarar og festarar av eigedommar som saka gjeld, før vedtak blir fatta. I tillegg må kommunen orientere om vedtaket som er fatta, og gjere vedtaket offentleg.



# DEL 2

# Praktisk del

Saksbehandling og høyring



Foto: Sveinung Dimmen

# 4. SAKSBEHANDLING



Kommunen har ansvar for at saka er så godt opplyst som mogleg før det blir fatta vedtak i saka. Dette vil legge grunnlaget for gode og riktige vedtak. I plan- og bygningslova er det gitt reglar som skal sikre ei forsvarleg saksbehandling i dispensasjonssaker.

## 4.1 Grunngitt søknad

Kommunen kan ikkje gi dispensasjon utan at det er søkt om det. Dispensasjon krev ein grunngitt søknad. Søkar må opplyse om kva det blir søkt dispensasjon frå. Søkar må også gjere greie for kva forhold som talar for at det kan gis dispensasjon i denne saka.

## 4.2 Nabovarsling

Søkar skal varsle naboar og gjenbuarar om dispensasjonssøknaden. Fristen for å kome med nabomerknader skal vere minst to veker, rekna frå tidspunktet varselet er sendt og grunnlagsmaterialet for søknaden er gjort tilgjengeleg. Etter at frist for nabovarsling er gått ut, skal søknad og eventuelle nabomerknader bli sendt til kommunen.

## 4.3 Høyring

Søknader om dispensasjon frå planar, plankrav og byggeforbodet i strandsona som gjeld saksområda til regionale og statlege myn-

digheiter, skal sendast på høyring. Høyringstiden er fire veker, rekna frå oversending av dispensasjonssøknaden. I sakstilfelle med særlege behov for kortare høyringstid bør kommunen kontakte høyringspartane på førehand.

I svara frå høyringspartane får kommunen faglege innspel som bidrar til eit betre fagleg grunnlag for dei vurderingane som lova krev. Manglande høyring av ein dispensasjonssøknad vil utgjere ein saksbehandlingsfeil. Sjå sjekkliste for dispensasjonssaker som skal sendast til uttale i kapittel 5.3.

I vedlegg 1 er det gitt ei oversikt over kva for dispensasjonssøknader som skal sendast på høyring, og kven som er høyringspartar.

## 4.4 Grunngitt vedtak

Kommunen skal grunngi sitt vedtak om å avslå eller innvilge dispensasjon. Kommunen skal vise korleis dispensasjonsvilkåra i den konkrete saka er vurdert. Kommunen må gjere greie for kva som utgjer dei relevante omsyna, og kva omsyn det er lagt vekt på.

I situasjonar der eit politisk utval går mot administrasjonen si innstilling, er det særleg viktig at kommunen er merksam på kravet til grunngjeving.

Kommunen si grunngjeving av dispensasjonsvedtaket vil gi partane i saka eit grunnlag for å vurdere om dei skal klage på vedtaket eller ikkje.


Når kommunen orienterer partane og høyingspartane om vedtaket, skal dei samstundes gi opplysningar om retten til å klage og klagefrist. Fristen for å klage er tre veker, rekna frå tidspunktet vedtaket har kome fram.

## 4.5 Klagerett

Kommunen sitt vedtak om å avslå eller innvilge dispensasjon er eit enkeltvedtak som det kan klagast på.

## 4.6 Førebuande klagebehandling


Det er Statsforvaltaren som er klageinstans for eventuelle klager på eit dispensasjonsvedtak. I dei tilfella der Statsforvaltaren har



klaga på eit dispensasjonsvedtak, vil det bli oppnemnt settestatsforvaltar. Klagesaka skal sendast inn på same måte som andre klagesaker etter plan- og bygningslova.

Før saka blir sendt over skal kommunen gjere ei førebuande klagebehandling. Kommunen må sjå om klagen gir grunn til å gjere endringar i det første dispensasjonsvedtaket. Her må kommunen vere merksam på at det er klagerett på eit eventuelt endringsvedtak. Kommunen må vurdere om klage på eit dispensasjonsvedtak skal få oppsetjande verknad, slik at vedtaket ikkje gjeld før klaga er endeleg avgjort.

[Interaktiv lenke til sjekklisten for oversending av klagesaker.](#)



# 5.

## KOMMUNEN SI OVERSENDING AV DISPENSASJONSSAKER

### 5.1 Høyringsfrist

Frist for å gi fråsegn til dispensasjonssøknader er fire veker, jf. plan- og bygningslova § 21-5.

Det bør takast omsyn til ferietid, med tilrådd tre vekers forlenga høyringsfrist i sommferien, og ei veke forlenga frist for påske- og juleferie.

### 5.2 Tittel i oversendingsbrev

Det bør gå klart fram av tittelen på oversendingsbrevet kva for sakstype, eideom og tiltak saka gjeld.

For å lette arbeidet med journalføring av digitale sendingar på rett sak i arkivsystemet (EDU-importsentral), bør tittelen i oversendingsbrevet følgje følgjande mal:

Kommunenamn, gbnr. xx/xx, dispensasjon/vedtak/klage, eventuell gateadresse, ei kort skildring av tiltaket (t.d. frådeling, arealoverføring, bygging av xx, osb.).



## 5.3 Sjekkliste

Dispensasjonssaker som vert oversendt høyringspartane må vere tilstrekkeleg opplyste, jf. forvaltningslova § 17. Manglande saksopplysningar vil innebere at høyringspartane ikkje har tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere søknaden.

Dersom saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst, vil den bli returnert til kommunen utan at det vert gjeve fråsegn. Kommunen må i slike tilfelle opplyse dei faktiske tilhøva betre og sende saka på ny høyring slik at høyringspartane kan gi ei grunngjeven fråsegn.

### Følgande saksopplysningar skal følgje med dispensasjonssaker som vert sendt frå kommunane:

<input type="checkbox"/>	Kommunen gir ei kort framstilling tiltaket
<input type="checkbox"/>	Gards- og bruksnummer
<input type="checkbox"/>	Oversiktskart og detaljkart med nøyaktig avmerking av plassering av tiltaket
<input type="checkbox"/>	Planstatus for det aktuelle området, namn på eventuell gjeldande reguleringsplan
<input type="checkbox"/>	Tydeleg framstilling om kva arealføremål, planføresegn eller annan regel det vert søkt om dispensasjon frå
<input type="checkbox"/>	Plankart i fargar
<input type="checkbox"/>	Kommunen må gjere greie for kva for omsyn som ligg til grunn bak føremålet/føresegna
<input type="checkbox"/>	Tiltakshavar sin grunngjevne søknad
<input type="checkbox"/>	Teikningar med tydelege mål og plassering på tomta (byggesaker)
<input type="checkbox"/>	Opplysningar om eksisterande bruk av området som er relevant for saka
<input type="checkbox"/>	Vurdering om arealføremålet har tilstrekkeleg tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur – eller miljøforhold. Dette kan dokumenterast gjennom ein enkel risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)
<input type="checkbox"/>	Kommunen si førebelse vurdering av om vilkåra for dispensasjon i plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylt
<input type="checkbox"/>	Eventuell sakshistorikk som er relevant for saka

## **5.4 Orientering om vedtak**

Når kommunen har fatta vedtak i ei sak der ein høyringspart har gjeve fråsegn, skal kommunen sende vedtaket til alle som har gitt høyringsfråsegn uavhengig av om kommunen tilrår eller avslår dispensasjon.

## **5.5 Klage frå sektormynde**

Dersom sektormynde klagar på eit vedtak om dispensasjon, skal kommunen ta stilling til klagan og vurdere om dei skal endre eller oppretthalde vedtaket. I dei tilfella kommunen ikkje tar klaga til følgje skal klaga bli sendt til Statsforvaltaren som er klageinstans. Om det er Statsforvaltaren som har klaga på vedtaket vil Statsforvaltaren sende saka vidare til departementet som oppnemner settestatsforvaltar.




Foto: Landbruksavdelinga, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

# 6.

## I MØTE MED SEKTORLOVER

Nokre tiltak er avhengig av både dispensasjon etter plan- og bygningslova og løyve eller vurdering etter sektorlover. Kommunen har etter § 21-5 ei samordningsplikt for tiltak som også treng samtykke eller løyve etter anna sektorlov. Dette er lover og forskrifter som har direkte betydning for vurderinga av arealdisponeringa. Dei ein oftast kjem bort i er kort omtala under.

### 6.1 Jordlova

Deling av landbrukseigedom og/eller omdspонering av jordbruksareal i område avsett eller regulert til landbruk i plan, krev normalt løyve etter både jordlova og plan- og bygningslova.

### 6.2 Forureiningslova

Mudring, dumping og utfylling i sjø vil i mange saker krevje løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren. Tiltaket må vere i samsvar med godkjent arealplan eller innvilga dispensasjon frå kommunen.

### 6.3 Naturmangfaldlova

Dersom ein dispensasjon vedkjem naturmangfald, skal reglane om berekraftig bruk i kapittel II i naturmangfaldlova (NML) bli lagt til grunn i saksbehandlinga.

I naturvernområde gjeld eigne verneforskrifter. For tiltak som både må ha dispensasjon

frå verneforskrifta og plan- og bygningslova skal tiltaket først behandlast etter verneforskrifta, jf. NML § 48 tredje ledd.

Der eit tiltak utanfor eit naturvernområde kan medføre skade inn i eit naturvernområde, skal kommunen legge vekt på omsynet til verneverdiane når det vert fatta vedtak, og ved fastsetting av vilkår, jf. NML § 49.

I saker der arealbruken omfattar areal som er registrert som utvalt naturtype (UN) etter NML kapittel VI der forholdet til naturtypen ikkje er avklart i rettsleg bindande plan, skal konsekvensane av endra arealbruk klargjeraast før det vert fatta dispensasjonsvedtak, jf. byggteknisk forskrift (TEK17) § 9-4. Løyve til tiltak i ein utvalt naturtype etter pbl § 19-2 skal bli kunngjort i minst éi avis og i Miljøvedtaksregisteret.

### 6.4 Vassforskrifta

Tiltak eller nye inngrep i ein vassførekommest kan føre til at miljømåla for vassførekommsten ikkje vert nådd eller at tilstanden vert dårligare. Kommunen skal då vurdere om § 12 i vassforskrifta kjem til bruk ved vedtak om dispensasjon etter pbl § 19-2.

### 6.5 Vassressurslova

Vassdragstiltak som kan vere til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser i vassdraget, må ha konsesjon. Dersom det ikkje er sikkert om tiltaket treng konsesjon,

kan tiltakshavar be NVE vurdere konsesjonsplikt.

NVE vurderer konsesjonsplikt etter § 18 i vassressurslova for å avklare vidare saksgang. For krav til innhald i meldinga, sjå NVE sine nettsider.

Ved tiltak der naturleg kantvegetasjon langs vassdrag med årsikker vassføring vert fjerna, vil tiltaket krevje særskilt løyve fra Statsforvaltaren etter § 11. Unntak er gitt for å rydde vegetasjon for å kome til byggverk som står i naudsynt samanheng med vassdraget.

## 6.6 Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag

Tiltak i vassdrag som kan ha påverknad på fisk og ferskvassorganismar skal behandlast etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Dette gjeld dersom tiltaket ikkje alt er avklart i reguleringsplan, eller at tiltaket ikkje er konsesjonspliktig. Statsforvaltaren er mynde på elvestrekningar der laks og sjøaure går opp frå sjøen (anadrom). Fylkeskommunen er mynde på ikkje-anadrom strekning.

## 6.7 Hamne- og farvasslova

Tiltak som kan påverke sikkerheita, ferdsla eller forsvars- og beredskapsinteresser i farvatnet må ha løyve etter hamne- og farvasslova § 14. Som tiltak reknast både innretningar, naturinngrep og aktivitetar.

Kravet om løyve gjeld uansett kva for tiltak det er og om det er på land, i sjø eller i lufta. Tiltaket kan vere varig eller midlertidig, ein fysisk konstruksjon eller aktivitet.

Det er mogleg verknad/konsekvens for sikkerheita, ferdsla eller forsvars og beredskapsinteresser som er avgjerande for om eit tiltak må ha løyve. Terskel for søknadsplikt er låg.

Det følgjer av hamne- og farvasslova § 10 at «navigasjonsinnretninger og farvannsskilt kan bare settes opp, fjernes, flyttes, endres eller tildekkes etter tillatelse fra departementet ».

Til forskjell frå hamne- og farvasslova av 2009 går fordelinga av mynde mellom departementet (i store trekk Kystverket) og kommunen fram av den enkelte regel i gjeldande lov (2019-lova).

Hovud- og bi-leier går fram av Kystverket si kartløysning «Kystinfo».

## 6.8 Kulturminnelova

Ei rekke tiltak krev avklaring etter kulturminnelova om automatisk freda kulturminne, sjølv om dei er i samsvar med arealplan. Dette gjeld særleg tiltak i LNF-områda i kommuneneplanen, som landbruksbygg, landbruksvegar, turvegar, nydyrkning og andre tiltak som medfører inngrep i grunnen. Tilsvarande gjeld i sjøareala, til dømes kablar og røyr, botnfortøyinger og liknande. I oversendinga må kommunane presisere om saka gjeld dispensasjon frå plan eller ikkje.

Kulturminnelova har også til formål (§1) å ivaretaka kulturminne og kulturmiljø generelt. Dette gjeld også kulturminne og miljø som ikkje formelt er verna.

## 6.9 Akvakulturlova

Løyve til å etablere akvakulturanlegg blir regulert av akvakulturlova. Det er fylkeskommunen som gir eventuelt løyve etter at andre

sektormynde (som Fiskeridirektoratet, Statsforvaltaren, Kystverket og Mattilsynet) har fatta vedtak eller kome med fråsegn etter sitt regelverk.

Areal for akvakultur skal som hovudregel bli sett av i kommuneplanen sin arealdel.

## 6.10 Veglova

Veglova skal sikre ivaretaking av trafikktryggleik, trafikkavvikling, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved framtidig utviding av vegen og miljøet på eideomane langs vegen.

Følgjande tiltak skal behandlast etter veglova:

- ny avkjørsel
- utvida eller endra bruk av eksisterande avkjørsel
- dispensasjon frå byggegrense
- graving og anlegg av leidningar mv. over, under eller langs vegen
- reklame retta mot vegfarande

Saker som gjeld riksveg og europaveg skal behandlast av Statens vegvesen. Saker som gjeld fylkesveg skal behandlast av fylkeskommunen og saker som gjeld kommunal veg skal behandlast av kommunen.

Før igangsetjingsløyve vert gitt etter plan og bygningslova må det ligge føre naudsynte løyver etter veglova.

Løyve etter veglova er likevel ikkje naudsynt dersom tiltaket er avklart gjennom reguleringssplan eller kommune(del)plan etter plan- og bygningslova

- der avkjørlar er vist i stadfesta reguleringssplan, gjeld reguleringssplanen eller kommune(del)plan.

- Det er gitt anna byggegrense gjennom reguleringssplan eller kommune(del) plan, gjeld denne framfor veglova/ rammeplanen si byggegrense.

## 6.11 Drikkevatnforskrifta

Det er forbode å forureine drikkevatn, jf. drikkevatnforskrifta § 4. Dette forbodet omfattar alle aktivitetar frå vasstilsigsområdet til tappepunktet som medfører fare for forureining.

Kommunen skal ha oversikt over både private og kommunale vassforsyningssystem, og er pålagt å vurdere omsynet til drikkevatn i dispensasjonar og i planarbeidet etter plan- og bygningslova, jf. drikkevatnforskrifta § 26.

## 6.12 Jernbanelova

Alle tiltak innafor 30 meter frå det nærmeste sporet si midtlinje skal ha løyve frå eigaren av køyrevegen jamfør jernbanelova § 10, jf. § 3a.



# Vedlegg

## KVA FOR DISPENSASJONSSAKER SKAL SENDAST PÅ HØYRING?

Regionale og statlege myndigheter skal få uttale seg i dispensasjonssaker der deira saksområde blir berørt. Dette går fram av plan og bygningslova § 19-1. Vi har laga ein tabell som viser ei forenkla oversikt over forvaltningsområde/fagtema og ansvarleg instans.

Tabellen er oppdelt i tre kolonner. Første kolonne inneholder forvaltningsområdet, andre kolonne viser kva for offentleg interesse som er råka under det aktuelle forvaltningsområdet, medan tredje kolonne viser aktuell høyringsinstans.

FAGTEMA	DISPENSASJON FOR TILTAK	SEND TIL
Første kolonne inneholder forvaltningsområdet	Andre kolonne viser kva for offentleg interesse som er råka under det aktuelle forvaltningsområdet	Tredje kolonne viser aktuell høyringsinstans

Sjå tabellen på dei neste sidene.

### Høyringspartar:

- Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (SF)
- Møre og Romsdal fylkeskommune (FK)
- Norges vassdrag- og energidirektorat (NVE)
- Statens vegvesen (SVV)
- Fiskeridirektoratet (FDIR)
- Mattilsynet
- Kystverket
- Avinor
- BaneNOR
- Sametinget
- Villreinnemnda for Snøhetta og Knutshø v/ Statsforvalteren i Trøndelag
- Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen v/ Skjåk kommune

FAGTEMA	DISPENSASJON FOR TILTAK	SEND TIL
<b>Samordna bustad, areal- og transportplanlegging</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Etablering av ny publikumsretta aktivitet eller anna verksamhet som genererer vesentlig transport</li> <li>Parkeringskapasitet</li> <li>Bustadbygging utafor tettbygde strøk</li> </ul>	SF, FK, SVV
<b>Samferdsel og trafikktryggleik</b>	<b>Riks- og fylkesveg</b>	
	<ul style="list-style-type: none"> <li>som grensar til eller ligg innom fylkesvegarealet eller riksvegarealet (NB! Reglar om nabovarsling gjeld i tillegg)</li> <li>som medfører ny avkjørsle til fylkes-/riksveg eller endra/auka bruk av eksisterande avkjørsler der dette ikke er avklart i reguleringsplan. (Søknad om endra/nytt avkjørselsløyve må sendast i tillegg)</li> <li>i strid med byggegrense mot veg, fastsett i plan eller i veglova (søknad om dispensasjon etter veglova må sendast i tillegg, dersom byggegrensa ikke er fastsett i arealplan)</li> <li>som kan medføre framtidige kostnader for vegeigar (t.d. støyskjerming, skuleskyss mv)</li> </ul>	FK, SVV
	<b>Hamner og farleier</b>	Kystverket
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tiltak som kan påvirke sjøtransport og hamn</li> <li>Innretningar (t.d. akvakulturanlegg, flytebrygger, bruer, luftspenn, rørleidningar, kablar) og naturinngrep (t.d. mudring, dumping, utdjuping, utfylling, sprenging) som kan påvirke tryggileik, ferdsel eller forsvars- og beredskapsinteresser i farvatnet</li> </ul>	
<b>Luftfart</b>		
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tiltak som gjeld dispensasjon frå byggehøgder og som kan kome i konflikt med hinderflater i restriksjonsplanar og byggerestriksjonar for flynavigasjonsanlegg ved Avinors lufthamner i fylket, det vil seie lufthammene Kristiansund, Molde, Ålesund og Ørsta-Volda</li> <li>Endring hjå verksemder og takkonstruksjonar som kan tiltrekke seg fuglar for kvile, mat eller hekking og såleis utgjere ei fare for «birdstrike». Døme på slike verksemder kan vere avfallsanlegg, søppelanlegg, deponi, fiskeriforedling mv. innafor 13 km frå Avinors lufthamner i fylket</li> <li>Endra bruk av land- og sjøareal innafor 13 km frå Avinors lufthamner i fylket, som til dømes overgang til landbruksdrift med jordbearbeiding, etablering av parker med nye vatnspegl mv.</li> <li>Endring i lysbruk i innflyvingssone ut til 5 km frå Avinors lufthamner i fylket. Dette gjeld særlig verksemder med mykje lysanlegg ute, som industri og næringsbygg, akvakulturanlegg, kjøpesentre, idrettsbanar/hallar mv.</li> </ul>	Avinor

FAGTEMA	DISPENSASJON FOR TILTAK	SEND TIL
Samferdsel og trafikktryggleik forts.	Jernbane • regulert byggegrense mot jernbane • auka trafikk over usikra planovergang • kan føre til negative verknader for jernbana innafor tema samfunnstryggleik, til dømes påverknad på stabilitet, rasfare og auka ferdsel ved jernbana	BaneNOR
Fiskeri og akvakultur	• i område der fiskeri eller havbruksnæringa har interesser	FK, FDIR, Mattilsynet
	• Legging av kablar, leidningar, vass- og avlaupsanlegg i sjø	FK, FDIR, Kystverket
	• som råkar naturtypar i sjø • i gytefelt • Utfylling i sjø	FDIR
	• Tiltak, t.d. mudring, sprenging og peling i sjø, som kan påverke eksisterande akvakulturverksem	FK, Mattilsynet
	• Tiltak/tapping av vatn i vasskjelder til settefiskanlegg	Mattilsynet
	• Tiltak i sjø der det kan vere forureina grunn • som krev dispensasjon frå arealplan i sjø, inkludert flytebrygger	FK, FDIR
	• i 100-metersbeltet langs sjøen der det ikkje er fastsett eiga byggegrense mot sjø • med landfeste som går ut i sjø, som til dømes flytebrygger	SF, FK
Strandsone	• Lyskjelder som kan påverke ferdsel på sjøen i mørkret	Kystverket
Vassmiljø	• i 100-metersbeltet langs vassdrag, eventuelt innafor byggegrense langs vassdrag i gjeldande plan gitt i medhald av pbl § 1-8 • som kan påverke fysisk, kjemisk og biologisk tilstand i vassressursane (sjø og vassdrag)	SF, FK
	• Inngrep i vassdrag og kantsone langs vassdrag	SF, NVE, FK
	• som kan vere i konflikt med verna vassdrag	SF, NVE
	• Inngrep som verkar inn på grunnvatn	NVE

FAGTEMA	DISPENSASJON FOR TILTAK	SEND TIL
<b>Naturmangfold</b>	<b>Naturvernområde</b>	
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• som direkte eller indirekte kan påverke verneområde eller føreslegne verneområde etter naturmangfaldlova</li> </ul>	SF
	<b>Naturtypar</b>	
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• som kan påverke registrerte naturtypar kartlagt etter DN-håndbok13 eller Miljødirektoratet sin instruks (NiN), jf. Naturbase</li> <li>• Naturtypar og landformer oppført i Norsk rødliste for naturtyper</li> <li>• Utvalde naturtypar (fastsett i forskrift)</li> <li>• Utfylling i sjø eller andre fysiske tiltak i eller ved marine naturtypar (Naturbase)</li> </ul>	SF
	<b>Artar</b>	
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Truga artar (CR-Kritisk truga, EN-Sterkt truga og VU-Sårbar) og deira leveområde, jf. Norsk rødliste for arter</li> <li>• Prioriterte artar (fastsett i forskrift)</li> <li>• Artar omfatta av Retningslinje for stedfestet biologisk informasjon (Sensitive artskart)</li> <li>• Artar som er særskilt freda etter forskrift</li> <li>• Viktige økologiske funksjonsområde for fisk og andre ferskvatnsorganismar</li> <li>• Anadrom strekning (elv med laks og/eller sjøaure)</li> <li>• i nasjonal laksefjord</li> </ul>	SF
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Hytter, tilbygg, byggetiltak, parkeringsplassar, turløyper, bruer, vegar og andre tiltak i eller i randsona til biologisk leveområde for villrein (Naturbase)</li> <li>• innanfor areal i regionale planar for Dovrefjellområdet og for Ottadalsområdet.</li> </ul>	SF, FK, VILLREIN- NEMNDA
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• i intakte samanhengar mellom større naturområde som har funksjon som trekkroute/spreiingskorridør for artar, t.d. som viltkorridørar</li> </ul>	SF, FK
	<b>Samanhengande naturområde med urørt preg</b>	
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle mindre og større tilretteleggingstiltak (stiar, løyper, gapahukar, osb.) for friluftsliv, samt andre arealinngrep og byggetiltak uavhengig av føremål.</li> </ul>	SF
	<b>Geologisk mangfold</b>	SF

FAGTEMA	DISPENSASJON FOR TILTAK	SEND TIL
<b>Landskap</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>innafor verdsarvområdet</li> <li>i utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL)</li> </ul>	SF, FK
	<ul style="list-style-type: none"> <li>innafor nasjonalt viktige kulturlandskap (KULA) og i nasjonal/regionalt viktige kulturmiljø, jf. regional delplan for kulturminne</li> </ul>	FK
	<ul style="list-style-type: none"> <li>innafor heilskaplege kulturlandskap av nasjonal eller vesentleg regional interesse</li> <li>i fjell-landskap (område over tregrensa)</li> <li>i inngrepsfrie naturområde (INON)</li> <li>Geologiske førekommstar av internasjonal, nasjonal eller regional verdi, jf. NGU sin database for geologisk arv</li> </ul>	SF
	• som påverkar Nasjonal turistveg	SVV
	<ul style="list-style-type: none"> <li>i område verdsett som svært viktig eller viktig friluftslivsområde jf. Miljødirektoratet sin rettleiar M98-2013.</li> <li>Område vurdert som nasjonalt eller vesentleg regionalt viktig friluftsområde (FRIDA)</li> <li>i eller nær statleg sikra friluftsområde (NB! Reglar om nabovarsling gjeld i tillegg, fylkeskommunen representerer staten som eigar)</li> <li>Omdisponering og endringar av areal avsett til friluftsliv og fiske i sjø og vassdrag, park, friområde, friluftsområde, grøntdrag og grønstruktur i gjeldande planar</li> </ul>	SF, FK
<b>Friluftsliv, folkehelse</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>som omfattar idretts- og friluftsanlegg som er realisert med støtte frå spelemidlane</li> </ul>	FK
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Bymarker</li> <li>som reduserer store, samanhengande naturområde med urørt preg</li> </ul>	SF
	<ul style="list-style-type: none"> <li>automatisk freda, forskriftsfreda eller vedtaksfreda kulturminne, innafor sjølve vernesona eller i nærmeste omgivnader til denne</li> <li>omsynssoner/spesialområde kulturvern i arealplan</li> <li>nasjonalt/regionalt viktige kulturminne, jamfør regional delplan for kulturminne og Riksantikvarens NB!-register (konferer også kommunale kulturminneplanar)</li> <li>bygningar eldre enn 1850 og listeførte kyrkjer</li> <li>der potensialet for automatisk freda kulturminne ikkje er vurdert. Dette gjeld også tiltak i sjøareal</li> </ul>	FK
<b>Kulturvern</b>	• Samiske kulturminne	SAMETINGET
	• Vegrelaterte kulturminne	SVV
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tiltak på eller inntil gravplass</li> </ul>	SF

FAGTEMA	DISPENSASJON FOR TILTAK	SEND TIL
<b>Landbruk, reindrift, dyrevelferd og mattryggleik</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Frådeling, bruksendring eller arealtiltak i strid med landbruksføremålet i kommuneplanen, eller i areal regulert til landbruk (jordbruk, skogbruk, beite, osb.) i reguleringsplan</li> <li>Mellombelse og varige inngrep og omdisponeringar i dyrkbar jord og produktive landbruksareal (AR5)</li> </ul>	SF, FK
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tiltak som vedkjem bruksrettane til reindrifta</li> </ul>	SFTL
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tiltak som kan påverke saltvassinntak til næringsmiddelverksemder</li> <li>Støyande verksemd i landbruksområde</li> <li>Flytting av masser</li> </ul>	MATTILSYNET
<b>Drikkevatn</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tiltak på/ved europa-, riks- og fylkesvegar, private og kommunale vegar og jernbane</li> <li>Terrenginngrep for tilrettelegging av løypetraséar, turvegar, crossbaner, hundetrening og liknande i utmark</li> <li>Masseuttak og massedeponi</li> <li>Tiltak i nedslagsfelt til drikkevasskjelder</li> <li>Tiltak i sjø som kan råke vassleidningar</li> <li>Vindmøller, jordvarmeanlegg, mikrokraftverk, biogassanlegg</li> <li>Fritidsbustader og heilårsbustader i LNFR-område</li> </ul>	MATTILSYNET
<b>Forureining</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Endringar eller utviding av verksemd eller veg som gir ei vesentleg auke i støy</li> </ul>	SF, FK
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Lokalisering av nye støyfølsame bygningar i støyutsette område</li> </ul>	SF, FK, SVV
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Lokalisering av ny støyfølsam busetnad i flystøysoner</li> </ul>	SF, AVINOR
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tiltak som medfører støy i LNF-område</li> </ul>	SF
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Helseinstitusjon, bustad, barnehage, skule, leikeplass, utandørs idrettsanlegg og grønstruktur i område med luftforureining</li> </ul>	
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Etablering og utviding/oppgradering av verksemd som medfører vesentleg auke i luftforureininga</li> </ul>	
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Der det kan vere forureina grunn</li> </ul>	
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Etablering av ny støyande verksemd</li> </ul>	
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utfylling, mudring og peling i sjø og vassdrag</li> </ul>	
<b>Born og unge</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tiltak som verkar inn på skuleveg</li> </ul>	SF, FK, SVV
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Bustadbygging, fortetting og transformasjon</li> </ul>	SF, FK
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tiltak som direkte eller indirekte endrar friområde eller leikeareal som er avgrensa i plan eller som er i bruk</li> </ul>	
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Etablering av meir enn fire bueiningar eller bustader i klyngje i LNF-område</li> </ul>	
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tiltak som krev dispensasjon frå føresegner i kommuneplanen om uteareal</li> </ul>	
<b>Universell utforming</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>som krev dispensasjon frå krav til universell utforming fastsett i kommuneplanar eller reguleringsplanar</li> </ul>	SF, FK

FAGTEMA	DISPENSASJON FOR TILTAK	SEND TIL
<b>Samfunnstryggleik</b>	• område utsett for flaum, erosjon, kvikkleireskred, fjellskred (flodbølge) og skred i bratt terreng	SF, NVE
	• Anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft	NVE
	• Etablering av storulukkesverksemde eller sårbarer bruksføremål nær storulukkesverksemde (jf. definisjonen i storulukkesforskrifta § 3)	SF
	• område utsett for stormflod (inkl. havnivåstiging og bølgje påverknad)	
	• kan påverke stabiliteten på riksvegen	SVV
<b>Klima og klimatilpassing</b>	• som påverkar våtmarker (myr) og flaummarkskog	SF
	• langs vassdrag	SF, FK, NVE
	• Bygge og anleggstiltak som medfører avvirking av skog og vernskog	SF
	• i område utsett for havnivåstiging	
	• Utbygging som avvik fra statlige planretningslinjer for samordnet bolig, areal og transportplanlegging	SF, FK
<b>Statleg plan</b>	• Søknad om dispensasjon fra statleg reguleringsplan	SF
<b>Planfagleg</b>	• Tiltak av slik storleik at det kan vere tvil om heimel for dispensasjon, jf pbl §§19-2, og 12-1, 2. og 3. ledd	SF, FK






Foto: Magnus Tornes



## Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Sentralbord: 71 25 84 00 - Postadresse: Postboks 2520, 6404 Molde  
Postmottak: sfmrpost@statsforvalteren.no - [www.statsforvalteren.no/mr](http://www.statsforvalteren.no/mr)